



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 13.10.2014  
**Møtestad:** Formannskapsrommet  
**Møtetid:** 09:30 - 15:00

Møtet tok til etter møte i administrasjonsutval og næringsfondstyre.  
Formannskapet reiste etterpå til Eidfjord og helde fram sitt program for dagane 13. og 14. oktober.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gisle Heimly	SO	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanensen	SA	Varamedlem	
Terje Nygard	SO	Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Magne Verpelstad	kommunekasserar	Administrasjon	Deltok den 14.10.
Oddvin Neset	ass rådmann	Administrasjon	Deltok under program i Eidfjord
Øivind Olsnes	rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
039/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
040/2014	Godkjenning av møtebok
041/2014	Orienteringssaker
042/2014	Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)
043/2014	Tertialrapport nr 2 - 2014
044/2014	Prosjekt Båthamn / Uteområde ved Bryggjeslottet
045/2014	Vedlikehold av kommunale bygg i Modalen kommune

### Notat frå møtet:

Formannskapet hadde budsjettsamling i Eidfjord 13.-14.10.14

Felles møte med formannskapet i Eidfjord frå kl. 1400 - 1700

Informasjon, drøfting og utveksling av erfaringar.

Følgjande tema var sett på sakskartet:

Arealforvaltning

Kraftinntekter

Næringsutvikling

Samferdsel

Kommunestruktur

Flyktingar

## **039/2014: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **040/2014: Godkjenning av møtebok**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Vedtak:**

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

## **041/2014: Orienteringssaker**

### **Behandling:**

#### **TV-Aksjonen 2014**

Ordførar orienterte om årets TV-aksjon som set fokus på Kirkens Nødhjelp sitt arbeid: "Vann forandrer alt"

Formannskapet vedtok å yte kr 25.000 i tilskot. Dekning: konto 1000 /1000/ 14901

#### **Sal av kommunal bustad**

Rådmann orienterte om planar/tiltak for sal av ein bustad på Øvre Helland

#### **Vegsikring ved Slottet**

Rådmannen orienterte om tilbakmelding frå Statens vegvesen. Tiltaket er meir omfattande enn føreset. Det vert no innhenta tilbod på arbeidet.

### **Vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

---

## **042/2014: Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Vedtak:**

1. Modalen kommune sluttar seg til etablering av Region Nordhordland Helsehus IKS og selskapsavtalen slik den er framlagt i saka.
  2. Modalen kommune gjev ordførar fullmakt til å vera kommunen sin representant på stiftingsmøtet til selskapet.
- 

## **044/2014: Prosjekt Båthamn / Uteområde ved Bryggjeslottet**

### **Behandling:**

Saka drøfta med grunnlag i notat og vedlegg.

Samrøystes

### **Vedtak:**

Formannskapet rår til at det vert gjennomført eit prosjekt som omfemner alle delprosjekta utan badebryggje.

Slik finansiering vert lagt til grunn:

Kompensasjonsmidlar	kr 1.010.000
Eigendel Modalen kommune	kr 590.000
<b>Sum kostnad</b>	<b>kr 1.600.000</b>

Rådmannen vert beden om sende søknad til Hordaland Fylkeskommune om godkjenning av finansiering for prosjektet ved bruk av tildelte kompensasjonsmidlar til Modalen kommune.

Kommunal eigendel vert å innarbeide i budsjettet for 2015.

---

## **045/2014: Vedlikehald av kommunale bygg i Modalen kommune**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilråding i forvaltningsrevisjonsrapporten om vedlikehald i Modalen kommune. Dette er eit viktig område for kommunen for å sikre ein god kommunal kapitalforvaltning og at kommunen kan yte gode tenester. Rapporten gir gode innspel til korleis arbeidet med vedlikehald kan systematiserast slik at ein sikrar at det kan skje på ein rasjonell og god måte tilpassa Modalen kommune sitt behov.

Kommunestyret ber om at rådmann kjem med ein tilbakemelding innan februar 2015 om korleis rapporten vil bli følgt opp.

---